



## TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

Tysnes ungdomsråd

UGGDAL, 12.11.2013

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/1138-16	7985/13	023	FSK/FEL/VIST	

### REFERAT - TYSNES UNGDOMSRÅD 04.11.13

Desse møtte: Elisabeth Ebbesvik, leiar, Jøran Dalland, Matias Helland, Ludvik Dalland, Rebekka Instøy Dalland, Aina Hestad Kjøndal, Adam Olav Khaldi, Cecilie Fagerbakk Hauge Hansen og Vibeke Øxnevad Stoltz

Forfall: Nora Nikolaisen, Markus Frøkedal Kjerrgård og Henrik Sebastian Epland.

Tid: kl. 16.30

Stad: Tysneshallen

Sakliste:

18. Opning

Elisabeth opna og leia møte

19. Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjent

20. Godkjenning av dagsorden

Godkjent

21. Statusrapport økonomi

Fram til no er brukt kr 9.431,50. I tillegg kjem utgifter i samband med Ungdomskonferansen 1. nov. og Nettverksamlinga 2. nov.

22. Handsaming av sakliste

a) Val

Det vart opplysa at Markus Frøkedal Kjerrgård og Nora Nikolaisen har trukket seg frå ungdomsrådet. Dette må stadfestast.

Styret i ungdomsrådet er samansett av 9 representantar, 4 frå vidaregåande og 5 frå ungdomsskulen og 2 vararepresentantar.

Møtet gjekk gjennom kven som er på val. Nokre har slutta på ungdomsskulen og må eventuelt veljast inn frå vidaregåande. Dette må klargjerast nærare.

## b) Konsert

Elisabeth og Aina orienterte om planlagt konsert med Samsaya fredag 15. nov. For å få stor oppslutning om val hadde ungdomsrådet planlagt å halde val og konsert samstundes.

Dei har hatt kontakt med Standing Ovation.

Til arrangementet har Tysnes kraftlag løyvd kr 5.000, - og Tiko kr 3.000,- dersom underskot.

Vibeke sa at denne saka var ukjent for ho inntil for få dagar sidan. Det var komne reaksjonar på å bruke ein så stor sum, kr 47.710, -, på eitt arrangement. Dette er nærast heile budsjettet for Tysnes ungdomsråd. Ho meinte at i tillegg vil det truleg komme utgifter til annonser, billetter, innkjøp kioskvarer m.m.

Ho sa vidare at ingen frå ungdomsrådet måtte underskrive på kontrakten med Standing Ovation.

Ungdomsrådet var skuffa og meinte dei hadde fått positiv respons frå ordførar på facebook.

Vibeke sa at ungdomsrådet ikkje kan stå som arrangør og skrive under kontrakt. Einaste løysing kan vera om Tysnes ungdomslag vert arrangør og underskriver kontrakten og ungdomsrådet bidrar med hjelp og noko stønad.

Møtet var samd og Elisabeth og Aina kontakter ungdomslaget med førespurnad om å vere arrangør.

## 23. Ymse

Det vart ikkje teken opp fleire saker.

Vibeke Øxnevad Stoltz  
referent